

STYREMØTE 7/2025 – 2027

Onsdag 26. november kl. 18.00

Digitalt - Whereby

Tilstede: Tore Blokhus, Eli Gjengstø, Øystein Johannesen, Gunvor Berge, Max Carlström-Refsum, Maija Juva
Forfall: Edvart Fjære
Fra adm: Arild Skjæveland

SAK 01 GODKJENNE FORRIGE PROTOKOLL

Forrige styremøte var styrets sjette i perioden, og holdt 14. oktober.

Protokollen blei godkjent.

SAK 02 BUDSJETT 2026

Budsjettforslag lagt fram i Slack tidleg i sommar, med meir fokus på sidan forrige møte i oktober etter innspel frå generalsekretær Christian Grønli og Arild Skjæveland.

Styret vedtar budsjettet som er framlagt.

SAK 03 NM 2026

Arrangør Holmestrand Petanqueklubb har lagt fram eit forslag med ny tidsplan for NM.

Styret godkjenner planane, men det er skepsis i styret om at det kan føre til lengre dagar. HPK får ei tilbakemelding, så jobbar me for ein realistisk tidsplan.

Viktig gå ut med informasjon tidleg på grunn av dei mange tilreisande.

Tore er optimistisk for at Petanque Tournament App kan effektivisere mesterskapet sammenligna med sist.

Holmestrand har fått til hotellavtale i Drammen for reisande, og jobbar med ein avtale til. Informasjon og kode deles på Facebook. Informasjon må sendes til petanque.no for publiseres fra no av.

SAK 04 LANDSLAG - STATUS

Førstkommande helg reiser EM-laget til Luxembourg for å kvalifisere Norge til Trippel-VM i Malaysia neste haust.

Trenarar og delegat er valgt til EM i Spania i Mix/Dobbel/Singel i juni neste sommar. Signe Hovind er delegat, Ronny Gudmundsen og Guillaume Fernandez blir med som coacher.

SAK 05 TERMINLISTE 2026

Arbeidet har pågått sidan forrige møte i oktober, og terminliste for 2026 er diskutert og lagt fram i Slack.

Tore og Øystein gjer dei små justeringar som trengs før det blir publisert 1. desember.

Spennande opplegg for veteran-kvalifisering med fire frå aust og fire frå vest.

Til neste sesong. Stramme opp draktlikhet i NM, og stramme opp rapportering av resultat og referat fra arrangørklubb. Fritak for krav om ikkje-spelande dommar om færre enn 13 lag

Juniorhelg skal finnes plass til seinare. Opplegg i februar i Holmestrand.

SAK 06 EVENTUELT

Dato for ledermøte blei satt til tirsdag 10. mars, digitalt fra kl. 17.00 til 20.00. Petanque Tournament App kan vere eit aktuelt tema for det møtet. Sende ut informasjon til klubbane.

Seksjonsstyret har støtta Spleis-aksjonen til Ida Sæbø Larsen i Bergen Petanqueklubb med kr. 2000,- og delt den vidare på våre nettsider. I skrivande stund komt inn 215 000 kroner til ein veldig trist sak.

24. november blei det sendt ut eit strengt brev frå Norges Idrettsforbund til fem petanqueklubbar som ikkje brukar godkjent medlemssystem, der det blir trua med utkastning fra forbundet. Arild har vært i kontakt med klubbane via epost, i tillegg til den som kom frå sentralt hold, og håpar at alle finn ei løysing slik at dei blir verande i vår seksjon. Dette har vore krav sidan 2019, og no finst det ingen veg utanfor: ein må bruke godkjente system.

Neste styremøte: Laurdag 17. januar fysisk i Oslo.